

FJELL KOMMUNE

Serviceorgsjefen

Dato: 02.10.2009
Vår ref.: 2009/391 - 19482/2009
Ark.kode: 022.3

Til: Eldrerådet i Fjell

Frå: Kristin Nilsen, Serviceorg/fellestenesta

Referat frå eldrerådsmøte 17.09.09.

Møtestad: Fjell rådhus Tid: 11:00 – 13:30

Til stades: Johanne Ågotnes, Einar Lotsberg, Sara Einarsen, Edith Sønnervik, Ole Konrad Ekerhovd, Aagot Andersen, Olav Knappskog, Knut Miland

Ikkje tilstades: Åslaug Sherling. Varamann vart kalla inn.

Ekstra inviterte: Solveig Bjørdal og Lillian Torsvik

Sak 24/09 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
Innkalling, saksliste og møteprotokoll vart samrøystes godkjent

Sak 25/09 Skriv og meldingar
Orientering:
Referat frå Pau 11.08.09.

Sak 26/09 Val av leiar i Fjell eldreråd for valperioden 2007-2011.
Solveig Bjørdal har fått fritak frå vervet som medlem og leiar av Fjell eldreråd for resten av inneverande valperiode.

Det kom 1 forslag på ny leiar: Ole Konrad Ekerhovd.

Ole Konrad Ekerhovd vart samrøystes valt som ny leiar i Fjell eldreråd.

Vedtak:

Til leiar i eldrerådet for valperioden 2007-2011 vert valt:
Ole Konrad Ekerhovd.

- Sak 27/09 Eldredagen 01. oktober.**
Organiseringa av den årlege eldredagen er no lagt til frivilligsentralen. Frivilligsentralen vil kalla inn til møte, koordinera og samordna planane, stå for marknadsføringa i form av annonsering, plakatar, brosjyrar etc. Johanne Ågotnes er med som representant frå eldrerådet i arrangement komiteen.
- Sak 28/09 Gjennomgang av økonomien til Fjell eldreråd**
Økonomisjefen orienterte om eldrerådet sitt budsjett som er på ca. kr 97.000. Deltaking på kurs for eldrerådet sine medlemar må vurderast opp mot budsjettet. Økonomisjefen orienterte også at tilskot til eldredagen vert teken inn i det kommunale budsjett.
- Sak 29/09 Eldrerådskonferansen 29-30 september. Invitasjon/påmelding.**
Det er meldt på 1 representant til generasjonskonferansen 2009. I møte kom det ønskje om å melda på 2 representantar til konferansen. Påmeldingsfristen var 20. august, men møtesekretær vil ta kontakt med sekretariatet for fylkesrådet å høyre om det framleis er mogleg å melda på ein ekstra person.
- Sak 30/09 Kopieringsjobbar for seniorsenteret.**
Seniorsenteret får no kopiera gratis hos frivilligsentralen.
- Sak 31/09 Johanne Ågotnes refererar frå møte ”kamp for eldre” den 26. august.**
Johanne Ågotnes refererte både frå konferansen den 26. august i Bergen ”kamp for eldre” og konferansen i Oslo 9. september ”eldres rettigheter”. Konferansane var lagt opp til foredrag og politisk debatt. Tema var å styrke dei eldres rett gjennom ein lovendring og ein ny føreskrift om sjukeheimplassar og omsorgsbustader.
- Sak 32/09 Ymse**
Knut Miland har fått ein førespurnad frå revmatikar foreininga om lån av seniorsenteret. Styret vil ha eit møte på dette tysdag den 22. september.